



Gloppen kommune

Møtebok

Utval	Eldrerådet
Møtestad	På Søreide
Dato	13.02.2017
Tid	Kl. 13:00 - 14:30

Følgjande medleamar møtte

Egil Holme
Hans Myklebust
Maria Lundestad
Olav Felde
Olav Moritsgård
Arnfinn Jørgen Brekke

Frå

Dei eldre
Dei eldre
Dei eldre
Dei eldre
Dei eldre
KRF

Forfall/møtte ikkje

Åse Karine Moldestad
Arnar Hans Kvernevik

Frå

Dei eldre
AP

Følgjande varamedlem møtte

Audun Mundal

Frå

KRF

Andre som møtte

Anita Lothe, helse- og omsorgssjef i sakene 3/17 og 4/17
Beate Kornberg, rådgjevar/sekretær

Møteleiar: Olav Moritsgård

Underskrifter:

Olav Moritsgård

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/17	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
002/17	Referat og orienteringssaker
003/17	Orienteringsak: Framdrift nytt omsorgsbygg
004/17	Avbestilling og betaling for middag levert frå kommunen sitt kjøkken
005/17	Bustadpolitisk handlingsplan 2017 - 2025



Saksnr.	Utvål	Møtedato
001/17	Eldrerådet	13.02.2017

Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

Leiar si tilråding:

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 21. november 2016
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 13. februar 2016.

Møteprotokollen frå eldrerådet sitt møte den 21. november 2016 blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber leiaren i rådet om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

Eldrerådet 13.02.2017

Behandling

001/17 Vedtak

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 21. november 2016
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 13. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
002/17	Eldrerådet	13.02.2017

Referat og orienteringssaker

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

Orienteringssaker:

Ingen så langt.

Ordet fritt...

Eldrerådet 13.02.2017

Behandling

002/17 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



Saksnr.	Utval	Møtedato
003/17	Eldrerådet	13.02.2017
004/17	Helse- og omsorgsutvalet	15.02.2017

Orienteringsak: Framdrift nytt omsorgsbygg

Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet tek informasjonen om framdrift av nytt omsorgsbygg til orientering.

Helse- og omsorgsutvalet ber rådmannen planlegge og prosjektere 20 nye omsorgsbustader i tilknytning til Gloppen omsorgssenter.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Helse- og omsorgsutvalet gjorde 13.04.2016 følgende vedtak i sak 12/16: Helse- og omsorgsutvalet ber om at området ved Gloppen omsorgssenter vert prosjektert forutbygging av nytt omsorgsbygg.

Denne saka er ei orientering om framdrifta i dette arbeidet. I tillegg ynskjer rådmannen ei avklaring av tal plassar som er aktuelt å bygge ut i fyrste byggetrinn.

Framdrift i arbeidet

Utgangspunktet for arbeidet med prosjektet er at Gloppen kommune har vedteke å prosjektere eit nytt tilbygg til Gloppen omsorgssenter. Den gamle trebygningen skal rivast og erstattast med nytt tilbygg. Tilbygget er i utgangspunktet tenkt i 3 etasjar. 1 og 2 etasje er tenkt til omsorgsbustader med tilhøyrande fellesrom og andre nødvendige funksjonar som lager, skyllerom, kontor og møterom. Underetasjen skal nyttast til ulike lager, garderobar, kontor og tekniske rom. I tillegg vert der loftsrom som kan nyttast til lager, teknisk rom m.m. Omsorgsbustadane skal planleggast slik at bruken gjev fleksibilitet i forhold til ulike pasientgrupper. Det er behov for eit romprogram som gir oss eit framtidretta og fleksibelt omsorgsbygg.

Det må også planleggast for eventuell vidare utbygging i framtida.

Det er oppretta lokal arbeidsgruppe som er med i planleggings-prosessen. Dette er tilsette som har erfaringar med tilsvarande prosessar, representerer einingar som har funksjonar i dagens bygg og som vert berørte av ombygging og nybygg. I tillegg er verneombod, vaktmeister, helse- og omsorgssjef og einingsleiar eigedom med i arbeidsgruppa.

I planlegging av dette har vi vore i andre kommunar som har bygd nye omsorgsbygg og fått råd og tips til prosessen vi skal inn i. Då dette er eit svært krevjande arbeid fekk vi råd om å knyte til oss ekstern rådgjevarteneste. Vi har inngått avtale med firmaet Arkilag om denne tenesta. Kostnaden ved å nytte Arkilag til denne tenesta er under kravet til å lyse det ut for anbod. Med bakgrunn i gode referansar frå andre, tillitsvekkande møte og fleksibiliteten i tenestetilbodet, bestemt vi å kjøpe

tenester med Arkilag. Dei har brei erfaring som vi kan dra nytte av og kan vise til fleire tilsvarende referanseprosjekt. Dei kan tilby tenesterådgjeving i dei ulike prosjektfasane, hjelpe til med utarbeiding av romprogram, hjelp til å vurdere entreprisreform og vurdere val av entreprenør. Arkilag arbeider i lag med lokal arbeidsgruppe.

Følgande er så langt gjort i arbeidet:

- Teikningar over eksisterande bygg er framskaffa og kvalitetssikra i forhold til dagens bruk
- Arealbehov for gardar, møterom, lager, kontor m.m. er kartlagt
- Behovet for lager av hjelpemiddel er vurdert
- Det er gjort vurderingar av moglegheiter og behov for gruppestørrrelsar (tal omsorgsbustader i ei eining) samt størrrelse på kvar omsorgsbustad
- Ein er i gang med å vurdere entreprisreform for prosjektet
- Velferdsteknologi, signalanlegg og andre tekniske installasjonar er eit eige fagområde som må behandlast grundig for å sikre at ein får det ein ynskjer og har behov for. Her er det truleg behov for eigne rådgjevarar. Dette er vi no i gang med å vurdere
- Ein har fått på plass areal og reguleringsplanar som er relevante å ta omsyn til
- Behov og moglegheiter knytt til vatn og avløp er kartlagt
- Kartlegging av støy og miljø i området er framskaffa
- Undersøking av grunnforhold er gjennomført og grunnen er godkjent for bygging
- Miljøkartlegging av gamlebygget som skal rivast er bestilt, denne rapporten vil ligge til grunn ved vurdering av rivingskostnaden
- Det er oppretta kontakt med Husbanken. Informasjon om planar om nytt omsorgsbygg er sendt inn. Søknad om tilskot kjem seinare i prosessen
- Ein er i gang med å vurdere forhold og utfordringar i byggeperioden som skal takast hensyn til av entreprenør i ein byggeperiode, då det skal vere tilnærma vanleg drift på omsorgssenteret. Det må også leggast godt til rette for drifta på Anekset samt dei omliggande kommunale bustadene med ny tilkomst og skjerming.

Talet på plassar?

Når det gjeld tal plassar, ein skal bygge ut i fyrste byggetrinn er det ulike vurderingar som bør ligge til grunn. Prognosane (2015-tal) tilseier 485 personar over 80 år i 2030. Dersom ein skal ha ei dekningsgrad på 19,5 % som i dag, vil behovet vere 95 bustader/plassar. I 2040 tilseier prognosane 584 personar over 80 år. Det tilseier eit behovet for 117 bustader/plassar. Det vil seie eit behov for 23 fleire plassar i 2030 og ytterlegare 22 plassar i 2040.

I arbeidet med planlegging og kartlegging av behov og moglegheiter av nytt omsorgsbygg, ser arbeidsgruppa at det mest truleg er aktuelt å bygge bustader for pasientar i to etasjar knytt til dagens to etasjar med pasientrom/ bustader. Arealet som er disponibelt tilseier at det er plass til og praktisk å tenke 10 bustader i kvar etasje. Dette gjev 20 nye bustader. I tillegg ser ein på ny kjellaretasje som aktuell for tekniske rom, lager, gardar og andre nødvendige rom for å drifte eit omsorgssenter.

Bygget bør planleggast for eventuell vidare utbygging i framtida og arbeidsgruppa tenker at behovet for ytterlegare nye bustader for å dekke behovet i 2040, er naturleg å tenke som eit byggesteg to. Dette av økonomisk årsaker, samt ynskje om å ha eit moderne og tilpassa bygg etter dagens standard i 2040.

Eldrerådet 13.02.2017

Behandling

Helse- og omsorgssjef Anita Lothe orienterte.

003/17 Vedtak

Eldrerådet tar saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
004/17	Eldrerådet	13.02.2017
005/17	Helse- og omsorgsutvalet	15.02.2017
003/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	13.02.2017

Avbestilling og betaling for middag levert frå kommunen sitt kjøkken

Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet gjer vedtak om følgjande regelverk når det gjeld avbestilling av middag levert av det kommunale kjøkkenet i heftet om kommunale prisar og gebyr i kap. 3.2 under punktet om middag, tørrmat og opphald på dagsenter side 7:

«Middag som vert avbestilt for ein kortare periode enn tre dagar gjev ikkje fritak for betaling. Lengre periodar enn tre dagar kan avbestillast, men seinast dagen før første avbestillingsdag. Avbestilling etter denne fristen gjev ikkje fritak for betaling.»

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den 14.12.2016 behandla formannskapet saka om gebyr og kommunale prisar for 2017. Rådmannen bad i møtet om at følgjande vart lagt inn i kap. 3.2 Kommunale prisar under punktet «Middag, tørrmat og opphald på dagsenter» side 7:

«Middag kan ikkje avbestillast for ein kortare periode enn tre dagar. Lengre periodar enn tre dagar kan avbestillast, men seinast dagen før første avbestillingsdag. Avbestilling etter denne fristen gjev ikkje fritak for betaling.»

Formannskapet bad då helse- og omsorgsutvalet vurdere spørsmålet om avbestilling av middagar og kva reglar som skal gjelde.

Fakta i saka

Tildeling av middag er ei teneste som kommunen gjev for innbyggjarar som har behov for dette for å sikre god ernæring. Dersom ein har fått dette innvilga, legg kommunen til grunn at dette er eit reelt behov, og gjer vedtak om dette.

Regelverk for avbestilling av middag har ikkje vore laga og praksis til denne tid har vore at alle kan avbestille middag når dei ynskjer det. Brukar har då ikkje vorte fakturert.

Bakgrunnen for at det no kjem eit forslag til regel knytt til avbestilling og betaling av middag er at det i sektoren vert brukt mykje ressursar for å handtere avbestillingane. Systemet som skal sikre rett fakturering av rett tal middagar er avhengig av manuelle korrigeringar ved endringar. Dette er tidkrevjande og risikoen for at det vert feil i systemet aukar når det skal gjerast mange manuelle korrigeringar.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

I utgangspunktet er det vanskeleg å beregne kostnader eller sparte utgifter til dette. Ressursbruken til dette går på bekostning av andre viktige oppgåver som kommunen skal løyse knytt til helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i kommunen. Det tek også ein del tid å korrigere og rette opp feil etter fakturering som er feil.

Rådmannen si vurdering

Dagens ordning er svært arbeidskrevjande for å handtere avbestillingar av enkeltmåltid med mange manuelle korrigeringar i fagsystemet for å sikre rett fakturering. Vi har derfor behov for eit regelverk som avgrensar høvet til å avbestille enkeltmiddagar.

Eldrerådet 13.02.2017

Behandling

Helse- og omsorgssjef Anita Lothe orienterte.

004/17 Vedtak

Eldrerådet tar saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
005/17	Eldrerådet	13.02.2017
005/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	13.02.2017
003/17	Helse- og omsorgsutvalet	15.02.2017
008/17	MULTEK-utvalet	16.02.2017
	Formannskapet	

Bustadpolitisk handlingsplan 2017 - 2025

Vedlegg i saka:

01.02.2017 Framdriftsplan for arbeidet med Bustadpolitisk handlingsplan 2016 - 2017 - justert 4.1.17

Rådmannen si tilråding

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Formannskapet vedtok på møte 14.10.2015 at det skal utarbeidast ein bustadpolitisk handlingsplan for 2016 – 2024, som skal legge føringar for ein meir heilskapleg bustadpolitikk i kommunen vår. Det vart vidare vedteke at planen skal omhandle følgjande tema: 1. Generell bustadutvikling, 2. Bustadfeltpolitikk, 3. Bustadsosiale forhold og 4. Organisering, samarbeid og bustadforvaltning.

Arbeidet med plana hadde ei pause i perioda april – desember 2016, p.g.a. manglande kapasitet, som følge av anna planarbeid og planprosessar med høgare prioritet. I kommunen sin vedtekne planstrategi for perioda 2016 – 2020 vart det vedteke å ha planen ferdig til handsaming før sommaren 2017.

Arbeidet med bustadpolitisk handlingsplan er no teken opp at, og er samkøyrd med oppstart av arbeidet med ny samfunnsdel og ny barnehage- og skulebruksplan. Det vart i januar gjennomført ein felles planverkstad for begge arbeidsgruppene der ein særskilt la vekt på å skape ei felles forståing for koplinga mellom desse planane. Dette gjeld først og fremst tema generell bustadutvikling og bustadfeltpolitikk, og plassering av kommunale bustadfelt i samband med barnehagar eller skular.

Før planen vert ferdigstilt til politisk handsaming i formannskapet 3.april og lagt ut på høyring, er det ønskeleg at det vert gjort vedtak om kva hovudstrategiar og mål som skal leggst til grunn for kvart av dei 4 satsingsområda. Dette er viktig før ein legg inn forslag til tiltak for satsingsområda.

Fakta i saka

I kommunen sin «Planstrategi for 2016 – 2020» er følgjande strategiar for bustadutvikling vedteke:

- Gloppen kommune skal vere i forkant av utviklinga ved å sette av areal for bustadutvikling
- Utvikling av nye kommunale bustadfelt skal opparbeidast i gangavstand til barnehage og/eller skule
- Gloppen kommune skal jobbe aktivt med å legge til rette for bustadsirkulasjon i samarbeid med private aktørar

- Vi skal legge til rette for ei utbygging av fortetta bustader i Sandane sentrum, og i sentra i Hyen og Breim. Dette skal vere bustader for både sal og utleige, i ulike prisklassar
- Ta i bruk verkemiddel som ligg i PBL, for å ta i bruk område som er regulert til bustadformål
- Vi skal jobbe strategisk med å redusere tal tome bustader i kommunen, med størst vekt på bustadar i sentra/sentrumsnære område
- Busette flyktningar i fleire sentra i kommunen
- Gloppen kommune skal prioritere oppføring av nytt omsorgsbygg ved Gloppen omsorgssenter, og vere ein aktiv part i utbygging av samlokaliserte bustader i sentrum til eldre som ønskjer å bu meir lettvindt.

Forslag til **hovudmål**:

Gloppen kommune har eit godt og variert butilbod til alle som søker bustad i Gloppen.

Utdjuping:

Gloppen er ein aktiv tilretteleggar for utvikling og etablering av nye bustadområde for alle bustadsøkarar, der vi legg vekt på bidra til utjamning av sosiale skilnader og trivsel, innkludering og berekraft.

Målområde 1: Generell bustadutvikling

Forslag til ein tydeleg strategi:

1. Kommunen vil i planperioden kjøpe seg inn i nye bustadprosjekt i sentrum av Sandane, Breim og Hyen. Gjennom dette ønskjer kommunen å vere ein aktiv samfunnsaktør og bidra til å fremje ei større og meir variert bustadmasse når det gjeld type og prisnivå
2. Kommunen vil planlegge etablering av omsorgsbustader samlokalisert med ordinære bustader og næringsbygg i sentrum av Sandane. På denne måten ønskjer kommunen å bidra til at det vert sett fart i utvikling av Sandane sentrum, og legge forholda til rette for ei meir effektiv utnytting av helse og omsorgsressursar i framtida.

Målområde 2: Bustadfeltpolitikk

Forslag til ein tydeleg strategi:

1. Nye kommunale bustadfelt skal lokalisrast i nærleiken av barnehage eller skule. Dette vil legge til rette for etablering av nærmiljøanlegg rundt barnehage og/ eller skule, som ein viktig uformell møteplass
2. Det skal tilstrebast at nye kommunale bustadar og utbyggingsområde vert lokalisrast slik at det samla transportbehovet vert avgrensa og bilbruken vert redusert
3. Løyse inn privat regulert tomteareal som har stått unnytta over lang tid i og rundt sentra i kommunen
4. Ved etablering av nye kommunale bustadfelt, skal det leggest til rette for ei variert utbygging, med både einebustadar og fortetting.

Målområde 3: Bustadsosiale forhold

Forslag til ein tydeleg strategi:

1. Gloppen kommune ønskjer å fornye den kommunale bustadmassen og kvitte seg med utrangerte bustader av dårleg kvalitet. Dette gjeld i første omgang kommunale bustader som ligg i område der hovudtyngda av bustadene eigast av private
2. Inntektene av sal av kommunale bustader skal gå til investering i nye.

Aktuelle tiltak:

- *Sett av ein årleg sum til investering i nye bustadprosjekt eller til kjøp av nye kommunale bustader til vanskelegstilte*
 - *Seie opp avtaler om privat framleige der bustadene er av dårleg kvalitet*
 - *Etablere ein akuttbustad på kommunal tomt, som skal disponerast og betalast av NAV til brukarar som i periodar er bustedsløse.*
3. Kommunen vil halde på område rundt Gloppen omsorgssenter for med det å sikre ei

ytterlegare utviding av omsorgssenteret i framtida.

Aktuelle tiltak:

- *Finne alternativ bustad til mindreårige flyktningar, og rive Annekset i samband med utviding om omsorgssenteret i planplanperioden*
 - *Fase ut gamle kommunale bustader som er utrangert når det føreligg planar for alternativ bruk av området.*
4. Gloppen kommune vil legge til rette for at fleire vanskelegstilte på bustadmarknaden går frå leige til eige.

Aktuelle tiltak:

- *Auke låneopptaket for startlån.*

Målområde 4: Organisering, samarbeid og bustadforvaltning

Forslag til ein tydeleg strategi:

Det skal etablerast ei strategisk bustadgruppe som får ansvar for ei langsiktig planlegging knytt til utvikling av den kommunale bustadmassen. I samband med dette er det behov for å evaluere innhald og organisering av stillinga som bustadkonsulent.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen av sjølve planen.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen ser det som viktig at politikarane får høve til å drøfte og vedta hovudstrategiar for dei ulike målområda i planen, før planen vert ferdigskriva og lagt ut på høyring. Gjennom dette vil aktuelle utval og formannskapet i større grad kunne påverke kva som skal vere vår bustadpolitikk i tida framover. Forslaga til strategiar er utarbeida med bakgrunn i mandatet for planen, vedteken planstrategi og sentrale og regionale føringar.

Rådmannen legg saka fram til drøfting, utan anna tilråding enn dei framlegga som går fram av saka.

Eldrerådet 13.02.2017

Behandling

005/17 Vedtak

Eldrerådet meiner at målområde 2 - bustadfeltpolitikk bør få eit nytt punkt 5 som skal lyde slik:
5. Kommunen skal jobbe strategisk med å redusere talet på tomme bustader, med størst vekt på bustader i sentra og sentrumsnære område.

Utover dette er eldrerådet samd i dei målområda og strategiane som rådmannen gjer framlegg om i saka.

Vedtaket var samrøystes.